



Liket av Salomon August Andrée vart funne på Kvitøya i 1930. Foto: Nils Strindberg / Grenna Museum Andréxpeditionen Polarcenter

Som ein kriminalroman

Bea Uusma snur på alle steinar på leit etter svaret på kva som skjedde på Kvitøya i 1897.

DOKUMENTAR

BEA UUSMA:

Ekspedisjonen. Min kjærlighetshistorie

OMSETT AV METTE-CATHRINE JAHR
CAPPELEN DAMM

11. juli 1897 letta ein ballong frå Danskøya lengst nord på Svalbard. Dei hadde venta lenge på vind frå sør. Målet var Nordpolen. Planen var å lande i Alaska, Canada eller Russland. I bagasjen hadde dei dollar og rublar, kvite skinnhanskar og rosa halstørkle. Dei var førebudde på ei flott mottaking. Dei var ikkje like førebudde på polarområdas beinharde røyndom.

Ingeniør Salomon August Andrée si ferd med ballongen *Ørnen* er Sveriges mest omtala polarekspedisjon, og no har Bea Uusma kome med eit nytt og originalt bidrag til denne omfattande litteraturen.

Andrée hadde, som reisefølgjet sitt, Knut Frænkel og Nils Strindberg, forbausande lite kunnskap om Arktis. Dei var teknikarar med stor tru på den nye tida. Hydrogenballongen skulle vere av ypparste sort. Ifølgje skrivebordsberekningar kunne han til ein viss grad styrast mot vinden ved hjelp av segl og ei slepeline som hang under gondolen og skapte friksjon mot isen. Andrée hadde rekna ut at ballongen kunne halde seg i lufta i 900 dagar. Rett nok nedjusterte han det til 30 døgn – men det skulle vere tilstrekkeleg for ferda over Polhavet, som i teorien berre skulle vare i seks dagar. Ingen ballong hadde nokon gong tidlegare halde seg flygande i meir enn eitt døgn. Og Andrée hadde ikkje prøvdfloge sin eigen.

I det *Ørnen* tok av frå Danskøya nordvest for Spitsbergen, losna delar av slepeline. «Kva faen var det?» er det siste bakkemannskapet høyrde Andrée seie. Etter det var det ingen som visste kva som hadde skjedd med dei tre karane – før 33 år seinare.

MYSTERIET PÅ KVITØYA

I 1930 fann ein norsk forskings- og fangstekspedisjon leiren etter ekspedisjonen på Kvitøya, heilt nord på Svalbard. Lika, utstyr, dagbøker og filmar vart frakta heim og sendt til Sverige. Endeleg kunne ein få svar på kva som skjedde med Andrée. Ballongen hadde krasjlanda etter 65 timar, på 82 gradar, 56 minutt nord (feilaktig oppgitt i boka til 48 kilometer frå startstaden (skal vere 48 mil)). Derifrå måtte dei, med alle sine ekspedisjonsfaglege feil og manglar, slepe seg sjølve og dei unødvendig tunge sledane sørover. Til dømes kunne dei nok med fordel lagt igjen både portvin, champagne, fleire oppslagsverk, kvite borddukar og ei rekke hengelåsar med tilhøyrande nøklar. Etter nesten tre månader i isen treffe dei på den ugjestmilde Kvitøya, kor der knapt fanst ein isfri flekk. Her starta dei arbeidet med å førebu ei overvintring – før dei etter kort tid mista livet.

Men kvifor døydde dei? Trass i rikeleg med mat, klede, primus, parafin, fungerande våpen og mykje ammunisjon? Det gav funna i 1930 inga direkte forklaring på. Det har derimot ikkje mangla på spørsmål og teoriar om årsaka: Fraus dei i hel? Tok dei sjølv-mord? Vart dei forgifta av eitt eller anna? Vart dei kvelte av kolos eller oksygenmangel i teltet? Var det skjærbuken som kom snikande?



Desse spørsmåla som har ridd Bea Uusma som ei mare i over femten år.

Eller kan det tenkast at det vart eit skytedrama der nord i haustmørket? Det er desse spørsmåla som har ridd Bea Uusma som ei mare i over femten år, heilt sidan ho tilfeldigvis kom over ei bok om ekspedisjonen.

ELEGANT

Boka har ein uvanleg, morsam og tiltalende bladbuad.

Men ho har òg ei elegant oppbygging. Uusma tek oss gjennom Andrées ferd i korte trekk. Ho gir oss kjærleikshistoria til den unge Strindberg og hans nyforlova Anna. Ho legg fram dei ulike teoriene om årsaka til katastrofen som har vore drøfta sidan 1930-talet. Samstundes følgjer vi hennar eiga jakt på svaret. Og ho er på ingen måte den typiske polarnerden. Ho hatar å fryse, men ho vil og må til åstadene. Ho spara pengar og jobba ekstravakter for å få råd til fleire turar til nordkysten av Svalbard. Og medan reisefølgjet hennar blir fascinert over den arktiske villmarka og dyrelivet, er ho «nesten sykelig uinteressert i isbjørn» og berre opptatt av om istilhøva tillèt dei å kome til Kvitøya.

Uusma utdannar seg til å bli lækjar under arbeidet med mysteriet. Men den finst ikkje noko lik å grave opp. Andrée var medlem av den Svenska likbranningsforeningen, difor vart dei tre ekspedisjonsmedlemene kremerte etter gravferda. Ho jaktar like fullt etter biologiske restar som til dømes kan seie om dei har teke morfin for å avslutte livet. Men viktigare: Ho snur på alle spor, skriftlege og materielle, og legg eit nytt puslespel. Ho lagar ein åstad, får hjelp av ein kriminalteknikar og gir lesaren funna sine som i ein medrivande kriminalroman.

Eg kan ikkje love ei løysing på kva som hende på 80 gradar nord ein tidleg oktoberdag i 1897, men eg kan love ei spennande historie om kva som kan ha skjedd – og ikkje minst: kva som *ikkje* er årsaka til at dei tre svenske polfararane mista livet.

HARALD DAG JØLLE